



Langrennskomiteen@

Sakshand.: TAH/ KD

Dato: 24.04.2023

Arkivk.: lk/møter/innkalling/21-23

B PROTOKOLL TIL MØTE NR. 11 I LANGRENNSKOMITEEN, 2021-2023

Stad: Microsoft Teams
Tidspunkt: Måndag 24. april 2023, kl. 18.00-21.00

Sakliste

REFERATSAKER

SAK 72 21-23 Godkjenning av innkalling og sakliste
SAK 73 21-23 Godkjenning av protokoll LK møte nr. 10 21-23

RAPPORTERINGSSAKER

SAK 74 21-23 Rekneskapen 2022

DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

SAK 75 21-23 Evaluering sesongen 2022-2023
SAK 76 21-23 Evaluering smøreopplegg HL 2023
SAK 77 21-23 Evaluering av krinslagsaktiviteten 2022-2023
SAK 78 21-23 Rammer for krinslagsaktiviteten 2023-2024
B-SAK 79 21-23 Kandidatar til Bragdpokal, Talentpokal, Magnorpokal og NSF sin Jubileumspokal
SAK 80 21-23 Vårmøte 2023
SAK 81 21-23 Organisering av randonee i langrennskomiteen
SAK 82 21-23 Handlingsplanen 2021-2023

ORIENTERINGSSAKER

SAK 83 21-23 Sognefjellet Sommarskiskule 2023
SAK 84 21-23 Trenar 1 og 2 kurs i langrenn, Sognefjellet

EVENTUELT

TIL STADES: Tor Arne Hov, Laila Bosdal-Thorsen, Eline Orheim, Torstein Bolstad Blikra, og Kennet Dvergedal (adm.)

FORFALL:

MERKNADER:

REFERENT: Kennet Dvergedal

REFERATSAKER

SAK 72 21-23

Godkjenning av innkalling og sakliste Bakgrunn

Innkalling og sakliste med vedlegg er utsendt på førehand.

VEDTAK

Langrennskomiteen godkjenn innkalling og sakliste.

SAK 73 21-23

Godkjenning av protokoll LK møte nr. 10 21-23 Bakgrunn

Protokoll LK møte nr. 10 21-23 er sendt ut og godkjent elektronisk tidlegare.

VEDTAK

Langrennskomiteen godkjenn protokoll LK møte nr. 10 21-23.

ORIENTERINGSSAKER

SAK 74 21-23

Rekneskapen 2022 Bakgrunn

Rapport frå rekneskapen 2022 ligg som vedlegg.

Nøkkeltal frå rapporten;

Driftsinntekter;	kr. 1 270 255
Driftskostnadar;	kr. -1 524 804
Resultat;	kr. -254 549
Eigenkapital LK;	kr. 543 707

VEDTAK

Langrennskomiteen godkjenner rekneskapen for 2022. Vidare ønskjer langrennskomiteen ein meir grundig rapport over kostnadane som hadde størst avvik mot budsjett. Adm. lagar til.

DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

SAK 75 21-23

Evaluering sesongen 2022-2023 Bakgrunn

Langrennskomiteen evaluerte sesongen 2022-2023 på følgjande punkt;

- Arrangementavvikling/ terminliste
 - o Godt gjennomført KM helg på Langeland
 - o Positivt med bankett og premieutdeling laurdag kveld
 - o Mange renn i dei største anlegga, savnar meir variasjon i rennløyper
 - o God renngjennomføring av arrangørane
 - o Nokre justeringar i samband med SSF Cup renn burde vore avklara tidlegare i sesongen (Hafslo IL, Fj. Vereide IL, og finale Eid IL)
- Renndeltaking

- SSF Cupen har hatt varierende deltaking, ligg mellom 50 og 100 deltakarar.
- Rekruttering
 - Positivt med andre aktivitetar på sida av rennet (fartsmåling, orgeltramp, hopp m.m)

VEDTAK

Langrennskomiteen tek saka til orientering og legg evalueringa til grunn i den vidare planlegginga av sesongen 2023-2024.

SAK 76 21-23

Evaluering smøreopplegg HL 2023

Bakgrunn

Langrennskomiteen/ NSF Langrenn ønskjer at alle krinsar gjer ei intern evaluering av felles smøreopplegg i samband med hovudlandsrennet langrenn 2023.

Tilbakemelding skal sendast til NSF langrenn v/ Erik Husby innan mars/april månad. Oppsummering av all evaluering blir lagt fram på NSF Vår møte 2023.

Temaer som bør/kan evalueres:

- *Opplegget i sin helhet*
- *Selve smøringen (Smørelinjene og smøring av feste)*
- *Logistikk av ski (Transport, skimerking, flyt av ski innad i krets)*
- *Ressurser fra kretsene/klubbene (Smørere, logistikkpersonell)*
- *Økonomien i dette (Større kostnader? Mindre kostnader? Totalen?)*
- *Fremtidige løsninger / innspill til endringer*

Yngve Thorsen i smøreteamet har sendt over evaluering pr. e-post med nokre punkt til forbetring. Kopi av e-posten ligg som vedlegg.

VEDTAK

Langrennskomiteen drøfta saka i møtet, og gjer vedtak om at adm. lagar eit framlegg til NSF.

SAK 77 21-23

Evaluering av krinslagsaktiviteten 2022-2023

Bakgrunn

Langrennskomiteen drøfta i møtet krinslagsaktiviteten 2022-2023 m.a. følgjande punkt:

- Samlingsplan (evaluert med hovudtreningarane tidlegare – ønskje om å få til ei evaluering med løparar)
 - Utfordrande rulleskiforhold i Hodlekve – vurdere å endre lokasjon? Vik?
 - Sognefjellet, Sandane, Hemsedal, og Beitostølen gode samlingar totalt sett
- Sportslege resultat
- Logistikk og smøreopplegg i samband med samlingar/ nasjonale renn

VEDTAK

Langrennskomiteen gjer vedtak om å følgja saka opp i eige arbeidsmøte torsdag 4. mai. Arbeidsmøte blir avvikla digitalt saman med krinstrenarane.

SAK 78 21-23

Rammer for krinslagsaktiviteten 2023-2024

Bakgrunn

Når det gjeld krinslagsaktiviteten 2023-2024 har ein økonomiske rammer til å fortsette på same nivå, og med same struktur som i sesongen 2022-2023.

Ein bør likevel ta med i planlegging av ny sesong at kostnadar knytt til krinslagsaktiviteten i 2022-2023 var noko høgare enn budsjettet.

Punt som vert drøfta i møtet:

- Trenarkabal
- Samlingsplan

LK leiar legg fram eiga sak om satsing for seniorløparar.

VEDTAK

Langrennskomiteen gjer vedtak om å utsette saka til arbeidsmøte 4. mai, ref. vedtak sak 77.

B-SAK 79 21-23

Kandidatar til Bragdpokal, Talentpokal, Magnorpokal og NSF sin Jubileumspokal

Bakgrunn

I samband med Skikrinstinget 2023 skal Sogn og Fjordane Skikrins dele ut Bragdpokal, Talentpokal, Magnorpokal og NSF sin Jubileumspokal.

Fagkomiteane i skikrinsen kjem med framlegg på kandidatar til Skikrinsstyret som gjer endeleg innstilling.

Statuttar Bragdpokal:

Kan delast ut til den skiidrettsutøvar innan skikrinsen som, ut frå sine føresetnader, har levert den beste prestasjonen i sesongen.

Statuttar Talentpokal:

Kan delast ut til den jente og eller gut i kvar skigrein som har utmerka seg ved spesiell talentfull innsats

Statuttar Magnorpokal:

Delast ut 2. kvart år, totalt 4 pokalar.
Utøvarane bør vere i alderen 12-16 år.

NSF sin Jubileumspokal: Sjå vedlagt informasjon om bakgrunn og statuttar for pokalen.

Vedlagt også oversikt over tidlegare tildelingar.

VEDTAK

Langrennskomiteen gjer vedtak om følgjande framlegg av kandidatar til skikrinsstyret:

Bragdpokal:

- Gjørán Tefre, Førde IL
 - o 2. plass norgescup samanlagt 2023
 - o Verdenscup sprint: 12. plass Davos 17.12.2022; 21. plass Livigno 21.01.2023; 23. plass Tallinn 21.03.2023.

Talentspokal:

- Tørres Nøstdal, Eid IL
 - o 11. plass NC junior M18 samanlagt 2022-2023
 - o 16. plass NC jr. sprint Lillehammer; 9. plass NM jr. sprint, 10. og 9. plass NC jr. Voss; 10. plass NM jr. Alta; 12. og 10. plass NC jr. Tolga, 2023.
- Niklas Bosdal Thorsen, Førde IL
 - o 16. plass NC junior M17 samanlagt 2022-2023
 - o 10. plass NC jr. Lillehammer; 9. og 15. plass NC jr. Voss; 17. og 24. plass NM jr. Alta; 23. og 17. plass NC jr. Tolga
- Aksel Bjørkhaug, Førde IL
 - o 29. plass NC junior M18 samanlagt 2022-2023
 - o 12. og 16. plass NC jr. Lillehammer; 10. og 28. plass NC jr. Voss; 25. og 16. plass NC jr. Tolga.
- Emilie Flo Stavik, Markane IL
 - o 3. plass og 5. plass NC jr. Åsen 2022.
- Maren H. Kirkeeide, Markane IL
 - o 33. plass NC junior K19/20 samanlagt 2022-2023
 - o 26. plass NM sr. (4. plass K19/20) Tolga 2023, 11. og 9. plass NC jr. Tolga 2023.

Magnorpokal:

- David Engesæter, Førde IL
 - o 11. og 8. plass Ungdommens Holmenkollrenn 2022
 - o 32. og 30. plass Hovudlandsrennet 2023
- Andreas Lundekvam, Førde IL
 - o 9. og 19. plass Ungdommens Holmenkollrenn 2022
 - o 34. og 22. plass Ungdommens Holmenkollrenn 2023.
- David Husa, Førde IL
 - o 10. og 28. plass Ungdommens Holmenkollrenn 2022.
 - o 17. og 35. plass Ungdommens Holmenkollrenn 2023
- Othilie Bosdal Thorsen, Førde IL
 - o 23., 19. og 31. plass Hovudlandsrennet 2023
 - o 14. og 27. plass Ungdommens Holmenkollrenn 2022.
- Jenny Bjørkhaug, Førde IL
 - o 43., 33. og 20. plass Hovudlandsrennet 2023.
 - o 79., 29. og 34. plass Hovudlandsrennet 2022.

NSF Jubileumspokal:

- Sigrid Orheim Mundal, Sogndal IL

(Krinslagstrenarane v/ Roger og Simen lagar til grunnjevnad)

SAK 80 21-23

Vårmøte 2023

Bakgrunn

Skikrinsstyret har gjort vedtak om at Vårmøte 2023 skal avviklast 3. juni i Førde i samband med Skikrinstinget 2023.

Ein har lagt til grunn følgjande rammeprogram for Skikrinstinget/ Vårmøte laurdag 3. juni:

- | | |
|------------------|--|
| Kl. 09.30-12.00: | Vårmøter i alpint, hopp/kombinert, og langrenn |
| Kl. 12.00-13.00: | Lunsj |
| Kl. 13.00-16.00: | Skikrinstinget 2023 |

Langrennskomiteen fastset sakliste for vårmøte langrenn.

I samband med vårmøte 2021 la ein til grunn følgjande sakliste:

1. Oppsummering av sesongen 2020-2021
2. Rammer for terminlista 2021-2022
3. Rekruttering i klubb
4. Breiddesamlingar (12-16 år)
5. Krinslaget 2021-2022
6. Team Elon Vest/ Team Vest rekrutt
7. Økonomi/ marknad

VEDTAK

Langrennskomiteen gjer vedtak om å lage til eit orienteringsskriv som blir sendt til laga i framkant av vårmøte. Eiga sakliste med aktuelle drøftingssaker til vårmøte blir vedteke på neste komité møte.

SAK 81 21-23

Organisering av randonee i langrennskomiteen

Bakgrunn

I samband med styremøte 12. desember 2022 gjorde Skikrinsstyret følgjande vedtak:

«Skikrinsstyret ønskjer å knytte greinene (randonee/telemark og freeski) organisatorisk og økonomisk inn i organisasjonsleddet. Det er forslag om å organisere randonee i langrennskomiteen og freeski i alpinkomiteen. Forslaget blir spelt inn til aktuelle komitear og fulgt opp ved eit seinare styremøte.»

Langrennskomiteen drøfta saka i møtet.

VEDTAK

Langrennskomiteen gjer vedtak om å utfordre styret til å finne andre alternativ for å organisere randonee i Skikrinsen. Langrennskomiteen legg til grunn at det er stor arbeidsmengde og høg aktivitet på komiteen allereie.

SAK 82 21-23

Handlingsplanen 2021-2023

Bakgrunn

Sogn og Fjordane Skikrins sin handlingsplan for 2021-2023 vart vedteken i samband med Skikrinstinget 2021.

I møtet handsama komiteen handlingsplanen, drøfta langrennskomiteen sine tiltak, samt avklara vidare ansvarsfordeling.

Planen ligg vedlagt.

VEDTAK

Langrennskomiteen gjer vedtak om å utsette saka til neste komitémøte.

ORIENTERINGSSAKER

SAK 83 21-23

Sognefjellet Sommarskiskule 2023

Bakgrunn

Sognefjellet Sommarskiskule går av stabelen i perioden 26.-30. juni 2023.

VEDTAK

Langrennskomiteen tek saka til orientering.

SAK 84 21-23

Trenar 1 og 2 kurs i langrenn, Sognefjellet

Bakgrunn

Trenarkurs på Sognefjelelt 2023 vert avvikla slik:

- Trenar 2-kurs: 23.-26. juni 2023
- Trenar 1-kurs 26.-28. juni 2023

Kurshaldar er Marthe Strøm Solli

VEDTAK

Langrennskomiteen tek saka til orientering.

EVENTUELT

Neste møte LK; Måndag 22. mai kl. 20.00 på Teams

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Tor Arne Hov (s)
Leiar LK

Kennet Dvergedal (s)
Adm. sjef